

ØSTFOLD ENERGI AS
Kalnesveien 5
1712 GRÅLUM

Vår dato: 06.06.2024

Vår ref.: 201506897-18 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Saksbehandlar: Johan Otto Munkeby

E-post: jomu@nve.no

Vedtak - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap - Gravdalen kraftverk - Lærdal kommune

Me viser til søknaden deira om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for Gravdalen kraftverk.

Vedtak

NVE godkjenner framlagde detaljplan for miljø og landskap av 14.03.2024 for bygging av Gravdalen kraftverk, Lærdal kommune.

Godkjenninga av detaljplan for miljø og landskap blir gjeven på følgjande vilkår:

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagd start. Me skal også orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Areal som blir opparbeidde eller planerast skal toppmassar avdekkast og leggst til sides til bruk ved istandsetting. Toppmassane skal lagrast separat slik at dei er mest mogleg intakte til bruk i revegeteringsprosessen.
- Det skal utarbeidast ein plan i samarbeid med Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell for korleis anleggsarbeida skal gå føre seg etter at villreinen er reetablert i området. Planen skal liggje klar i forkant av reetableringa og NVE skal holdast orientert.
- Ved etablering av ny veg til Gravdalen skal det ikkje etablerast skjeringar og fyllingar som utgjer vandringshinder for villrein.
- Etter reetablering av villrein skal brøytekanter leggjast ned slik at dei ikkje fungerer som vandringshinder. Dette gjeld for passasjer/kjende trekkvegar, og skal bestemast i samarbeid med Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal](#).
- Seinast ein månad etter at kraftverket er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).



Detaljplan for miljø og landskap må vera i samsvar med vilkår og føresetnader som kjem fram av konsesjonen for Gravdalen kraftverk gjeve i kongeleg resolusjon av 13.02.2015. NVE kan krevja ytterlegare detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeidet blir sett i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 15.02.2015 post nr 5.

Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og seinare drift underlagt internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil NVE kontrollere at internkontroll etter denne forskrifta er etablert.

Vår handsaming av søknaden

I samband med rehabilitering av dam Kvevotni byrja Østfold Energi allereie i 2007 å sjå på moglegheiter for utbygging av Gravdalen kraftverk. Inntaksmagasinet for Gravdalen kraftverk er Kvevotni som allereie er regulert i ei tidlegare utbygging av Borgund kraftverk. I dag fungerer dette som eit tappemagasin der vatnet fell litt over 300 høgdemeter ned til bekkeinntaket i Gravdalen. Det er dette fallet som no skal nyttast til Gravdalen kraftverk, og som derfor er å rekne som ei optimalisering av eksisterande reguleringsystem med tanke på kraftproduksjon.

Detaljplanen

Østfold Energi AS søker om godkjenning av nemnde detaljplan for Gravdalen kraftverk. Detaljplanen beskriv korleis kraftverket skal byggjast, og dessutan kva atterhald og tiltak som er tenkte utførte undervegs og etter byggjeprosessen. Arbeida har planlagt oppstart våren 2024, og er tenkt avslutta innan utgangen av år 2026.

I vedlagd detaljplan står det i samandraget:

«Detaljplanen for miljø og landskap beskriver korleis Gravdalen kraftverk skal byggast for å ivareta krav knytt til miljø og landskap i vassdragskonsesjonen, og for at kraftverket generelt skal føre til minst mogleg inngrep i og påverking på ytre miljø og landskap. I tillegg til vanlege krav knytt til utforming, istandsetting og ureining, er det i planen beskrive korleis anleggsarbeidarane skal ta omsyn til viktige naturtypar og friluftsliv.»

Detaljplanen blei send på høyring 08.04.2024 til Lærdal kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, Sogn og Fjordane turlag, Miljødirektoratet, Lærdal fjellstyre og Lærdal elveeigarlag.



Fråsegner

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er refererte der slike ligg føre. Andre utsegner er forkorta av NVE. Fullstendige fråsegner er tilgjengeleg via offentlig postjournal. NVE har fått følgjande utsegner til detaljplanen:

Lærdal kommune uttaler følgende i brev datert 21.04.2024:

«Då øvre del av anlegget foregår i Gravdalen, som er viktig område for villreinen i Nordfjella, er det viktig at anleggsarbeidet er ferdig før reetablering av villreinen tek til.

Det er ikkje ynskjeleg med helikopteraktivitet i området etter villreinen er reetablert, så det bør prioriterast å vera ferdig med helikopteraktivitet før eventuell reetablering tek til. Dersom arbeidet ikkje er ferdigstilt før reetableringa er starta, bør det settast krav til innstilling av arbeidet (midlertidig stopp) dersom villreinen prøver å trekke gjennom området, jf. vilkår i konsesjonen og i dispensasjonen frå kommunen om krav til utarbeiding av plan med avbøtande tiltak for å sikre omsyn til villreinen.

Ein minner her om at tryggleikskrava i Tek17 for naturfare vil vera gjeldande for eventuelle brakkeriggar med kontor plassar, pauselokale og overnattingsplass, og vil i enkelte tilfelle vera gjeldande for riggområde (dersom det vert rekna som arbeidsplass og/eller inneheld store verdier).»

Statsforvalteren i Vestland uttaler følgende i brev datert 26.04.2024:

«Vi legg til grunn at inngrep i naturmiljø blir avgrensa til det som er nødvendig, at alle tiltak blir godt tilpassa terreng og landskap, og at området blir stelt til etter moderne prinsipp.

Det er registrert verdifull flora med fleire raudlista artar i området der vegen skal oppgraderast; dette gjeld både mosar, lav, karplanter og sopp. Funna er i naturtypen rasmak, som ligg utafor planlagt anleggsareal. Viktig naturmiljø er omtalt i planen, og det er lagt opp til å avgrense anleggsarealet og unngå påverknad frå sprenging. Vi legg til grunn at det blir restriksjonsgrensene blir klart definerte, og formidla til entreprenøren.

Villreinen ser ut til å bli ivareteke i tråd med høyringsfråsegna vår til planendringssøknaden og føringane for konsesjonen. Vi viser elles til fråsegna til villreinnemnda.

Det er opplyst i detaljplanen at tiltakshavar vil søkje Statsforvaltaren om avklaring/løyve etter forureiningslova. Vi legg vil til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Vi viser elles til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.



Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.»

Vestland fylkeskommune uttaler følgende i brev datert 29.04.2024:

«Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som tiltak kjem i konflikt med, men vi gjer merksam på at det er registrert eit automatisk freda kulturminne i nærleiken av tiltaksområde. Kulturminnet har id 134470-1 i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden.

Ved stølsområde Øyri må det takast omsyn til kulturlandskapet, slik at kulturminne på stølsvollen ikkje vert utsett for skade.

Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter, rydningsrøyser m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Vi legg til grunn at ein søkjer å avgrense visuelle verknadar m.o.t. friluftslivet.

Dersom det er fare for avrenning til vassdraget frå deponiet må det etablerast ei sedimenteringsgrøft langs nedre fot av deponiet, slik det også er føreslege i detaljplanen.

Ein må ta omsyn til villreinen i tråd med føringar i tidlegare vedtak. Det er viktig at søkjar set seg inn i den ferske stortingsmeldinga om villrein og forslaget til tiltaksplan for Nordfjella. Vi viser elles til fråsegna frå Villreinutvalet.»

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell uttaler følgende i brev datert 24.04.2024:

«Villreinnemnda har tidlegare uttala seg om saka, m.a. i konsesjonsbehandlinga i 2015, uttale til dispensasjon frå arealdelen Lærdal kommunen 08.01.2024 (vedlagt) og vi har, saman med villreinutvalet, hatt kontakt med Østfold Energi AS i samband med planlegging for arbeidet dersom villrein kjem attende til området (reetableringa) før anlegget er ferdigstilt.

Detaljplanen inneheld dei momenta som villreinnemnda har peika på tidlegare og er etter vårt syn framstilt på ein god måte i planen. Dette gjeld m.a. anleggsvegen ned til kraftverket i Gravdalen der det må sikrast at vegen ikkje blir til hinder for villreins



bruk, og at den blir stengt med bom. Likeins at deponi/fyllingar blir stelt slik at dei ikkje skil seg for mykje ut frå omgjevnadene.

Ny kunnskap, spesielt etter bruk av GPS- merking av dyr, viser at Gravdalen og området rundt har vore eit svært viktig område for villreinen gjennom «all tid». Målsettinga må vere at villreinen etter reetableringa igjen tek i bruk området og at bruken etter dette normaliserer seg.

Ut over dette har ikkje villreinnemnda spesielle merknader til detaljplanen for miljø og landskap, og vi er nøgd med den gode framstillinga av utfordringar og løysingar knytt til villreins bruk av området.»

Miljødirektoratet uttaler følgande i brev datert 10.05.2024:

«Det er i dag knytt betydeleg usikkerheit til tidsplanen for reetablering. Et realistisk tidlegaste tidspunkt for overføring av villrein til i sone 1 er vinteren 2026.

Miljødirektoratet meiner detaljplanen er klar på at ein vil tilpasse arbeidet i anleggsfasen dersom overføring av dyr til sone 1 ifm reetablering har starta opp. Innhaldet i planen for avbøtande tiltak blir avgjerande for om ein lukkast med å ivareta omsynet til villreinen i dette scenarioet. En god dialog med villreinutval og villreinnemnd er viktig for å sikre dette. Miljødirektoratet ønsker også at NVE ber Miljødirektoratet om ei høyringsfråsegn ifm godkjenning av en slik plan.

På same vis som Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell gjorde i deira fråsegn, vil Miljødirektoratet anerkjenne den gode framstillinga av utfordringar og løysingar knytt til villreins bruk av området, innanfor rammene gitt av konsesjonen.»

Hywer AS kommenterer fråsegnene på vegne av Østfold Energi AS i brev datert 05.05.2024. I det følgjande refererer me Hywer sitt tilsvar til kvar fråsegn:

«Lærdal kommune

(...)

Det er utarbeidd eigen skredrapport frå GeoRisiko om fareområda i Gravdalen. Det blir etablert skredvoll for eventuell skredvind på brakkeriggen og kontorlokala. Deponiområdet, påhugget og portalbygg vil bli utforma slik at eit eventuelt sørpeskred ikkje skal kunne være øydeleggende i driftsperioden. For anleggsarbeidet blir det etablert spesifikk skredvarsling for anleggsområdet.

Statsforvalteren i Vestland

(...)



Vi tek kommentarane frå Statforvaltar til etterretning. Vegarbeidet og nødvendig sprenging vil bli utført med tildekking for å unngå konflikt med raudlisteartar.

Vestland Fylkeskommune

(...)

Fylkeskommunen minnar om kulturminnet med id 134470-1 i nærleiken av tiltaksområdet, samt ivaretaking av kulturlandskapet ved stølsområdet Øyri og avrenningsgrøft frå deponiområdet.

Kulturminnet ligg utanfor tiltaksområdet og på motsatt side av elva. Det vil ikkje komme i konflikt med anleggsarbeidet. Kulturlandskapet i Øyri vil bli merka i forkant av arbeidet for å unngå konflikter. Avrenningsgrøfta frå deponiområdet blir etablert som planlagt.

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

(...)

Vi registrer og er glad for at villreinnemnda er nøgd med framstillinga i plan samt dialogen i planarbeidet.»

Miljødirektoratet

(...)

«Med mogleg reetablering i 2026 vil det seie at desse arbeida bør gjennomførast i løpet av 2024 og 2025. Detaljplanen ser ut til å legge dette til grunn, men kunne vært enda tydelegare på at dette er den faktiske tidsplanen.»

Gravdalen kraftverk ligg så høgt til fjells at arrondering og ferdigstilling må tilpassast sommarsesongen. Framdrifta er planlagt med oppstart i mai 2024, og ferdigstilling sommar/haust 2026. Meir tydleg tidsplan kan lagast når vi får løyve til oppstart.

«Miljødirektoratet meiner at plan for avbøtande tiltak må utarbeidast saman med Villreinnemnda, og vere klar i god tid. Villreinutvalet bør også bidra til planen, men det er den statlege villreinnemnda som har et ansvar for ivaretaking av villreinhensyn i denne prosessen.»

Østfold Energi har i samarbeid med villreinnemnda og villreinutvalget utarbeida ein prosedyre for korleis ein handterer anleggsarbeidet for minst mogleg forstyrrelser for villreinen. Det er brukt same prosedyre som er brukt i samband med damarbeid i villreinområde. Miljødirektoratet kan haldast orientert om tidsplan og prosedyrar i anleggsfasen



NVE si vurdering

NVE meiner detaljplanen for landskap og miljø i utgangspunktet er ein god plan. Dei ulike føresetnadene i konsesjonsprosessen er godt ivaretekne, og arealbruken er sett til eit tilfredsstillande lågt nivå. Eit sentralt tema i behandlinga av detaljplanen har vore omsyn til villrein i området. Det blei i 2018 vedteke å sanere bestanden i Nordfjella villreinområde på grunn av skrantesjuka. Det er i dag ikkje fastsett eit tidspunkt for gjeninnføringa av villreinen i området, men mykje tyder på at tidlegaste tidspunkt for ei slik gjeninnføring er vinteren 2026. Det er derfor i alle si beste interesse å ferdigstille så mykje som mogleg av anleggsarbeida før ei slik gjeninnføring, slik at villreinen får ro til å utforske områda rundt Gravdalen og etablere seg på nytt.

Arealbruk, terrengbehandling og istandsetjing

Vegen frå Gravdalsbakkane og ned til portalbygget i Gravdalen, der maskiner og utstyr skal køyrast inn, skal utbetrast og til dels lagast til på nytt. Det er lagt stor vekt på at den nye vegen skal tilpassast terrenget og ikkje fungere som eit vandringshinder for villrein. Det er spesielt viktig at det ikkje blir bratte skjerningar og fyllingar for å minimere inngrepa i landskapsbiletet. NVE set derfor vilkår. Østfold Energi har beskrive utforminga av vegen godt, og hatt god dialog med villreinnemnda i samband med utforming av vegen. Den nye vegen skal stengjast med bom, og ikkje bli nytta av allmenta. Det er ønskjeleg med så lite trafikk som mogleg på vegen etter at anleggsarbeida er ferdigstilt, av omsyn til villreinen i området.

Det skal opprettast tre riggplassar for arbeida. Øvste riggplass er ved inntaket ved Kvevotni, som tidlegare har blitt nytta i samband med arbeid på tilhøyrande dam. Dette arealet er derfor opparbeidd og arbeida blir vurdert til å skapa minimale endringar i forhold til korleis det ser ut i dag. Dei to siste riggplassane er nede i Gravdalen og skal brukast til brakkerigg og lagerområde. Her skal det opparbeidast areal som ikkje tidlegare har vore teke i bruk. Areal skal setjast i stand og revegeterast ved ferdigstilling. Østfold Energi skriv ikkje noko om at dei skal tilføre massar til riggområda, men om dette blir gjort skal dette vera stadeigne massar slik at ein unngår eventuell innføring av framande artar. NVE set derfor vilkår. Det er utfordrande å revegetere område som ligg såpass høgt til fjells som Gravdalen. Det er derfor viktig å ta godt vare på dei toppmassane som finst, og bruke desse til istandsetjing. Massane bør lagrast over så kort tid som mogleg og vegetasjonsflak bør bevarast for å leggje grunnlaget for revegetering. Det må vera fokus på å skilja sprengstein og tunnelmassar frå andre massar i anleggsfasen slike at desse ikkje blir blanda med toppmassar som skal brukast til istandsetjing. NVE set derfor vilkår.

Deponiet i Gravdalen må formast på ein slik måte at det ikkje er til hinder for villreinen, og at det ikkje skil seg ut frå omgivnadene. Deponiet er godt beskrive i detaljplanen, med ein god plan for korleis revegetering skal gjennomførast. Det er viktig å sortere og velje ut massane som skal liggje som topplag i deponiet. Topplaget bør verke mest mogleg naturleg i forhold til omgivnadene, og gå godt saman med vekstmassane som skal brukast til revegetering. Om ein vurderer at det er for lite vekstmassar i Gravdalen skal det nyttast



vekstmassar frå omlegging av vegen ned til Gravdalen som supplerande massar. Det er avgrensa med massar i området, slik at å spara på massane frå vegbygging er svært gunstig for å etablere eit naturleg toppdekke etter ferdigstilling.

Det blei i konsesjonen sett som krav at riggområde og mellombelse terrenginngrep skulle ryddast godt opp, og setjast i stand etter best moglege praksis. Det er derfor viktig at Østfold Energi tek grundige vurderingar undervegs i byggjeprosessen, for å spara mest mogleg areal for inngrep.

Rettleiing om terrengbehandling og istandsetjing finst i NVE sin rettleiar Nr. 2/2021 «Rettleier for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg» ([NVE Rettleier](#)). NVE føreset at Østfold Energi gjer seg kjent med innhaldet i rettleiaren.

Omsyn til villrein

Det har i heile prosessen vore stort fokus på å gjennomføre Gravdalen kraftverk med så minimale konsekvensar som mogleg for villreinen. Detaljplanen for miljø og landskap nemner ulike vurderingar som Energidepartementet og NVE gjorde i konsesjonsprosessen i samband med villrein, og desse ligg framleis til grunn i vidare vurderingar. Østfold Energi har heile tida hatt tett dialog med styresmakter for villreinforvaltning, og dette er noko NVE oppmodar til å halde fram med vidare i prosessen. Det viktigaste tiltaket er at anleggsarbeida bør ferdigstillast så mykje som mogleg før reetableringa av villreinen. Dersom arbeida ikkje er ferdigstilt før reetablering, skal det i samarbeid med Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell utarbeidast ein plan for korleis vidare arbeider skal gå føre seg. Planen skal liggje klar før reetableringa hender og NVE skal holdast orientert. NVE set derfor vilkår.

Det er viktig at brøytekanter og andre fysiske hinder blir lagde ned og ikkje fungerer som eit vandringshinder for villreinen. Dette er spesielt viktig dersom vegen blir brøytta før 01. juli. NVE set derfor vilkår. Det er beskrive eit behov for å nytte helikopter i anleggsfasen, og at dette vil det søkjast eit eige løyve om. Det er viktig å unngå overflyging med helikopter før, under- og etter kalvingsperioden til villreinen då dei er mest sårbare på dette tidspunktet. Det er derfor formålstenleg å nytte seg av perioden før reetablering av villrein til å utføre arbeidar som krev helikopterbruk i området.

Vurdering av flaum og skredfare

Gravdalen kraftverk ligg oppe i høgfjellsterreng og har ein lang periode med snødekke gjennom året. Tilkøyringsveg er opp frå Øyridalen, og er til tider bratt og skredutsett. NVE sine karttenester viser at vegen ligg i aktsemdsområde både for steinsprang og snøskred. Gravdalen kraftverk har også blitt vurdert i ein eigen skredfarerapport. Rapporten peikar på ulike faremoment som kan skada personell og materiell, der dei største truslane er skredvind for brakkerigg og sørpeskred for portalbygget til kraftverket. I tillegg er det fare for snøskred og steinsprang i deponiområdet, men det er vurdert at slike hendingar ikkje vil medføre store skadar på deponerte massar i driftsfasen.



Østfold Energi planlegg å gjennomføre ulike tiltak for å redusere risikoen knytt til skred i og rundt anleggsområdet. Det skal etablerast ein skredvoll som skjermar brakkerigg og kontorlokale. Deponiet skal formast ut slik at eventuelle skredhendingar ikkje skal vera øydeleggjande i driftsperioden. Det vil også bli oppretta spesifikk skredvarsling for heile anleggsområdet. Påhogg og portalbygg vil bli utforma slik at eventuelle sørpeskred ikkje forårsakar skade på bygningar eller installasjonar. Østfold Energi skriv også at dei vil vurdere skredfaren kontinuerleg, og at ved for stor faregrad vil arbeida stoppast i samråd med fagkunnige.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar er basert på den informasjonen som er lagt fram i innsend plan, høyringsfråsegner og NVEs egne erfaringar. NVE har også søkt i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 04.06.2024. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunna gjera vedtak. NVE meiner derfor det er tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere tiltaket og dei verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kravet til kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

I influensområdet til Gravdalen kraftverk finst det ulike raudlista artar. Den mest omtalte arten er villrein som har fått stort fokus i dei ulike vurderingane som har blitt gjorde. Forutan villrein er det eit område nord/vest for vegen opp frå Øyridalen som inneheld ulike raudlista mosar, lav, karplantar, fuglar og sommarfuglar. Planane som ligg føre, vil etter NVE si meining ikkje vera i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt at Østfold Energi gjennomfører arbeida med utbetring av vegen opp frå Øyridalen med god avstand til rasmarka på nord/vest sida av vegen. Det er planlagt bruk av sprengmattar slik at eventuelle sprengingar ikkje påverkar rasmarka.

NVE har også sett på verknaden frå tiltaket i samanheng med andre påverknader på naturtypane, artane og økosystemet. Det har vore ein del kraftrelaterte utbyggingar i området, og slik sett er det utfordrande å halde fram utbyggingar med tanke på naturmangfaldet. I denne saka er det fordelaktig at det ikkje trengst nye oppdemmingar av vatn, og at eit allereie eksisterande reguleringssystem blir nytta som inntak. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet har blitt vurdert i samsvar med naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga blir derfor ikkje rekna så stor at ho blir avgjerande for vurderinga.

Etter NVEs vurdering ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om verknader tiltaket kan ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 får dermed ikkje bruk.

Etter § 11 og § 12 skal tiltakshavaren dekkje kostnadene og nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Planen konkretiserer dei tiltaka som skal gjerast for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet ved mellom anna å nytte TBM slik at deponiet ikkje blir større enn nødvendig. Stadeigne toppmassar skal også mellomlagers forsvarleg,



og nyttast til istandsetjing og revegetering. Det er gjennomført biologisk kartlegging av planområdet. Kostnadene for desse tiltaka blir dekte av konsesjonær.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 4 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 7 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Lærdal kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Lærdal kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på, sjå orientering om rett til å klage på siste side.



Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

ØSTFOLD ENERGI AS

Kopimottakerliste:

Lærdal Elveeigarlag

LÆRDAL KOMMUNE

MILJØDIREKTORATET

ØSTFOLD ENERGI AS - Magne Netland

Sogn og Fjordane Turlag

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Lærdal fjellstyre

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Heine Johannes Linga



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 uker fra den dagen vedtaket kom frem til deg. Hvis vedtaket ikke har kommet frem til deg, starter fristen å løpe fra den dagen du fikk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkelig at du postlegger klagen før fristen løper ut. Klagen kan ikke behandles dersom det har gått mer enn 1 år siden NVE fattet vedtaket
Du kan få begrunnelsen for vedtaket	Hvis du har fått et vedtak uten begrunnelse, kan du be NVE om å få en begrunnelse. Du må be om begrunnelsen før klagefristen løper ut.
Hva skal med i klagen?	Klagen bør være skriftlig. I klagen må du: • Skrive hvilket vedtak du klager på. • Skrive hvilket resultat du ønsker. • Opplyse om du klager innenfor fristen. • Undertegne klagen. Hvis du bruker en fullmektig, kan fullmektigen undertegne klagen. I tillegg bør du begrunne klagen. Dette betyr at du bør forklare hvorfor du mener vedtaket er feil.
Du kan få se dokumentene i saken	Du har rett til å se dokumentene i saken, med mindre dokumentene er unntatt offentlighet. Du kan henvende deg til NVE for å få innsyn i saken.
Vilkår for å gå til domstolene	Hvis du mener vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan bare gå til søksmål dersom du har klaget på NVEs vedtak, og klagen er avgjort av OED som overordnet forvaltningsorgan. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 måneder siden du sendte klagen, og det ikke skyldes forsømmelse fra din side at klagen ikke er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekket vesentlige og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innen 3 uker etter at klagevedtaket kom frem til deg.
Hvem kan klage på vedtaket?	Hvis du er part i saken, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket hvis du har rettslig klageinteresse i saken.
Hvor skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endres. Dersom NVE ikke endrer vedtaket, vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringen er basert på forvaltningslovens regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.